Utdanningsdirektoratet

# Eksamen

31.05.2016

NOR1211-NOR1231 Norsk hovudmål/hovedmål
NOR1218-NOR1238 Norsk for elever med samisk som andrespråk
Elevar og privatistar / Elever og privatister

Nynorsk side 2–4. Bokmål side 5–7. Felles vedlegg side 9–17

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 5 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For norsk, samisk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.<br><br>Ved bruk av nettbaserte hjelpemiddel er det viktig å kontrollere at kandidatane ikkje kan kommunisere med andre (dvs. samskriving, chat, alle moglegheiter for å utveksle informasjon med andre) under eksamen. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Arvola, Jakob: «Hvis det er sant», *Det går ikke over*, Vigmostad & Bjørke 2014<br>Bruheim, Jan Magnus: «Brevet», *Dikt i utval*, Skjåk kommune 2014 (første gong publisert i *Årbok for Nordfjord 1988*)<br>Fossum, Karin: *Helvetesilden*, Cappelen Damm 2014. Utdrag<br>Garborg, Arne: *Mannfolk*, 1886. http://www.dokpro.uio.no/litteratur/garborg/ (nedlastingsdato 22.01.2016) Utdrag, språkleg tilrettelagd<br>Gutt (anonym): «#modernekjærlighet», *Si ;D Aftenposten* 22.08.2015<br>Ibsen, Henrik: *Gjengangere*, 1881 http://www.ibsen.uio.no/DRVIT_Ge%7CGeht.xhtml (nedlastingsdato 22.01.2016) Utdrag, språkleg tilrettelagd<br>Mytting, Lars: «Burning love», *Hel ved*, Kagge forlag 2011<br>«Ta ein #SELFHiSF – bli ein av oss!», *#SELFHiSF*, Høgskulen i Sogn og Fjordane 2016 (utdrag) |
| **Andre opplysningar** | Du skal svare på oppgåva i del A.<br>I del B er det fire oppgåver. Du skal svare på éi av dei.<br>Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstorleik 12. |
| **Informasjon om vurderinga** | Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdannings-direktoratets nettsider. Kommentarane til kvar oppgåve utfyller dei generelle kjenneteikna i eksamensrettleiinga. |

# Nynorsk

**Du skal svare på oppgåva i del A og på éi av oppgåvene i del B. Legg merke til at det står ein kommentar under kvar oppgåveinstruks. Kommentaren vil vere til hjelp for å løyse oppgåva.**

## Del A Kortsvarsoppgåve

**Svaret bør ikkje vere på meir enn cirka 250 ord.**

Vedlegg:

– «Ta ein #SELFHiSF – bli ein av oss!», Høgskulen i Sogn og Fjordane 2016

Denne samansette teksten er side 2 i eit studiemagasin frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Gjer greie for formålet med teksten, og forklar korleis dei ulike appellformene er brukte.

*Kommentar:*
*Du skal svare på ein presis måte og bruke relevant fagspråk.*

## Del B Langsvarsoppgåve

**Skriv nummeret på den oppgåva du vel, og lag overskrift sjølv.**

## Oppgåve 1

Vedlegg:

– «Burning love» av Lars Mytting, 2011
– «Brevet» av Jan Magnus Bruheim, 1988

Tolk og samanlikn dei to tekstane.

*Kommentar:*
*Du skal skrive om både form og innhald i begge tekstane, men du treng ikkje å skrive like mykje om kvar tekst. Du skal gjere greie for verkemidla og den funksjonen dei har, og grunngi dine eigne tankar om tekstane. Bruk relevant fagspråk.*

## Oppgåve 2

Vedlegg:

- «Hvis det er sant» av Jakob Arvola, 2014

Tolk novella.

> *Kommentar:*
> *Du skal skrive om både form og innhald. Du skal gjere greie for verkemidla og den funksjonen dei har, og grunngi dine eigne tankar om teksten. Bruk relevant fagspråk.*

## Oppgåve 3

Vedlegg:

- *Gjengangere* av Henrik Ibsen, 1881
- *Mannfolk* av Arne Garborg, 1886
- *Helvetesilden* av Karin Fossum, 2014

Skriv ein resonnerande tekst der du viser og forklarer korleis den realistiske tradisjonen kjem til uttrykk i dei vedlagde tekstane.

> *Kommentar:*
> *I svaret ditt skal du vise og forklare kva som er realistiske/naturalistiske trekk ved dei tre tekstvedlegga. Du kan velje kva du vil leggje mest vekt på. Bruk relevant fagspråk.*

## Oppgåve 4

Vedlegg:

- «Burning love» av Lars Mytting, 2011
- «#modernekjærlighet» av Gutt (19), 2015

Skriv ein kreativ tekst der du reflekterer rundt tematikken i dei to tekstane.

> *Kommentar:*
> *Denne oppgåva opnar for ulike løysingar, men det skal komme tydeleg fram av svaret ditt at du har forstått begge tekstvedlegga og bruker tankar og idear frå dei. Du viser kreativitet gjennom dei innfallsvinklane og perspektiva du vel, og måten du bruker språket på.*

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 5 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. For norsk, samisk og fremmedspråkene er heller ikke oversettelsesprogrammer tillatt.<br><br>Ved bruk av nettbaserte hjelpemidler er det viktig å kontrollere at kandidatene ikke kan kommunisere med andre (dvs. samskriving, chat, alle muligheter for å utveksle informasjon med andre) under eksamen. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal de alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Arvola, Jakob: «Hvis det er sant», *Det går ikke over*, Vigmostad & Bjørke 2014<br><br>Bruheim, Jan Magnus: «Brevet», *Dikt i utval*, Skjåk kommune 2014 (første gang publisert i *Årbok for Nordfjord 1988*)<br><br>Fossum, Karin: *Helvetesilden*, Cappelen Damm 2014. Utdrag<br><br>Garborg, Arne: *Mannfolk*, 1886. http://www.dokpro.uio.no/litteratur/garborg/ (nedlastingsdato 22.01.2016) Utdrag, språklig tilrettelagt<br><br>Gutt (anonym): «#modernekjærlighet», *Si ;D Aftenposten* 22.08.2015<br><br>Ibsen, Henrik: *Gjengangere*, 1881 http://www.ibsen.uio.no/DRVIT_Ge%7CGeht.xhtml (nedlastingsdato 22.01.2016) Utdrag, språklig tilrettelagt<br><br>Mytting, Lars: «Burning love», *Hel ved*, Kagge forlag 2011<br><br>«Ta ein #SELFHiSF – bli ein av oss!», *#SELFHiSF*, Høgskulen i Sogn og Fjordane 2016 (utdrag) |
| **Andre opplysninger** | Du skal svare på oppgaven i del A.<br>I del B er det fire oppgaver. Du skal svare på én av dem.<br>Bruk linjeavstand 1,5 og skriftstørrelse 12. |
| **Informasjon om vurderingen** | Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider. Kommentarene til hver oppgave utfyller de generelle kjennetegnene i eksamensveiledningen. |

# Bokmål

**Du skal svare på oppgaven i del A og på én av oppgavene i del B. Legg merke til at det står en kommentar under hver oppgaveinstruks. Kommentaren vil være til hjelp for å løse oppgaven.**

## Del A Kortsvarsoppgave

**Svaret bør ikke være på mer enn cirka 250 ord.**

Vedlegg:

- «Ta ein #SELFHiSF – bli ein av oss!», Høgskulen i Sogn og Fjordane 2016

Denne sammensatte teksten er side 2 i et studiemagasin fra Høgskulen i Sogn og Fjordane. Gjør greie for formålet med teksten, og forklar hvordan de ulike appellformene er brukt.

> *Kommentar:*
> *Du skal svare på en presis måte og bruke relevant fagspråk.*

## Del B Langsvarsoppgave

**Skriv nummeret på den oppgaven du velger, og lag overskrift selv.**

## Oppgave 1

Vedlegg:

- «Burning love» av Lars Mytting, 2011
- «Brevet» av Jan Magnus Bruheim, 1988

Tolk og sammenlign de to tekstene.

> *Kommentar:*
> *Du skal skrive om både form og innhold i begge tekstene, men du trenger ikke å skrive like mye om hver tekst. Du skal gjøre greie for virkemidlene og den funksjonen de har, og begrunne dine egne tanker om tekstene. Bruk relevant fagspråk.*

## Oppgave 2

Vedlegg:
- «Hvis det er sant» av Jakob Arvola, 2014

Tolk novellen.

> *Kommentar:*
> *Du skal skrive om både form og innhold. Du skal gjøre greie for virkemidlene og den funksjonen de har, og begrunne dine egne tanker om teksten. Bruk relevant fagspråk.*

## Oppgave 3

Vedlegg:
- *Gjengangere* av Henrik Ibsen, 1881
- *Mannfolk* av Arne Garborg, 1886
- *Helvetesilden* av Karin Fossum, 2014

Skriv en resonnerende tekst der du viser og forklarer hvordan den realistiske tradisjonen kommer til uttrykk i de vedlagte tekstene.

> *Kommentar:*
> *I svaret ditt skal du vise og forklare hva som er realistiske/naturalistiske trekk ved de tre tekstvedleggene. Du kan velge hva du vil legge mest vekt på. Bruk relevant fagspråk.*

## Oppgave 4

Vedlegg:
- «Burning love» av Lars Mytting, 2011
- «#modernekjærlighet» av Gutt (19), 2015

Skriv en kreativ tekst der du reflekterer rundt tematikken i de to tekstene.

> *Kommentar:*
> *Denne oppgaven åpner for ulike løsninger, men det skal komme tydelig fram av svaret ditt at du har forstått begge tekstvedleggene og bruker tanker og ideer fra dem. Du viser kreativitet gjennom de innfallsvinklene og perspektivene du velger, og måten du bruker språket på.*

Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
utdanningsdirektoratet.no

Utdanningsdirektoratet